



Kommunereform Firda kommune

Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
15/497-15-ØH-002

Dato:
15.12.2015

Kommunereform Firda kommune, referat frå møte i styringsgruppa 04.12.15

Tidspunkt : 04.12.15 kl 12.30 -15.00
Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Til stades:

Styringsgruppa		
Namn	Kommune	Funksjon
Olve Grotle	Førde	Ordfører, leiar av styringsgruppa
Mathias Råheim	Gaular	Ordfører
Leidulf Glopestad	Gloppen	Ordfører
Morten Askvik	Hyllestad	Ordfører
Oddmund Klakegg	Jølster	Ordfører
Håkon Myrvang	Naustdal	Ordfører
Frida Melvær	Askvoll	Ordfører
Ola Teigen	Flora	Ordfører
Gunnhild Berge Stang	Fjaler	Ordfører
Gunn Åmdal Mongstad	Solund	Ordfører
Rådmenn og prosjektsekretariat		
Namn	Kommune	Funksjon
Bente Nesse	Hyllestad	Rådmann
Jan Kåre Fure	Gloppen	Rådmann
Børge Tvedt	Jølster	Rådmann
Terje Heggheim	Flora	Rådmann
Ola Hovland	Fjaler	Rådmann
Ole John Østenstad	Førde	Rådmann
Håkon Loftheim	Askvoll	Rådmann
Helge Følid	Gaular	Rådmann
Øyvind Bang-Olsen	Naustdal	Rådmann
Erik Askeland	Solund	Administrasjonssjef
Trond Ueland		Sekretær for SiS regionråd
Per Arne Tveit		Sekretær for Hafs regionråd
Øystein Høyvik		Prosjektleiar
Andre		
Namn	Representerer	
Kåre Træen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Wenche Kvalvik	LO (Fagforbundet)	
Elin Enebakk	LO (Fagforbundet)	
Stian Jakobsen	Unio (Utdanningsforbundet)	
Knut Henning Grepstad		

Utsendt dagsorden:

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 13.11.15
2. Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
3. Tilbakemelding frå arbeid som har skjedd sidan 13.11.15
 - a. Hafs v/ regionrådsleiar
 - b. Gloppen v/ ordførar
 - c. Flora v/ ordførar
 - d. SiS v/ regionrådsleiar
4. Rådgjevande folkerøysting – korleis kan dette organiserast?
 - a. Innleiing v/ rådmann i SiS, Ole John Østenstad
 - b. Innleiing v/ rådmann i Hafs, Håkon Loftheim
 - c. Vurdering v/ Knut Henning Grepstad
 - d. Konklusjon
5. Saksutgreiing v/ Øystein Høyvik. Rammeverk for saksutgreiing vil bli sendt ut torsdag 03.12.15.
6. Folkemøte for ungdom v/ Per Arne Tveit og Øystein Høyvik
7. Møteplan for desember 2015 og våren 2016 v/ Øystein Høyvik
8. Eventuelt

Møtet vart leia av nyvald leiar i SiS regionråd, Olve Grotle.

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 13.11.15

- Godkjent.

Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen

- Fylkesmennene har fått eit tydlegare oppdrag i å vurdere og rådgje
- Forslag til nytt inntektssystem kjem på høyring før jul 2015.

Tilbakemeldingar frå arbeid som har skjedd sidan 13.11.15

- Orientering i høve Hafs-kommunane v/ Frida Melvær:
Hyllestad og Askvoll har gjort vedtak – Solund og Fjaler vil gjere det i desember - kor Hafs-alternativet blir pekt ut som primærynsket. Samstundes ynskjer alle kommunane i Sunnfjord Hafs å vere med i vidare vurderingar i høve ein eventuell større kommune i Sunnfjord
- Orientering i høve Gloppen kommune v/ Leidulf Gloppestad:
Pr i dag arbeider Gloppen med «nullalternativet» og alternativ mellom Eid og Gloppen. Når det gjeld «Sunnfjord-sporet» vil kommunestyret gjere vedtak 14.12.15
- Orientering frå Flora kommune v/ Ola Teigen:
Arbeider vidare med «nullalternativet», «kystalternativet» og alternativet i SiS
- Orientering frå SiS v/ Olve Grotle:
Regionrådet i SiS hadde møte 27.11.15 og konklusjonen var at det viktigaste for SiS er å sikre «Liten SiS». Men samstundes vurderer SiS at ein må klare å handtere innspel som kjem undervegs, utan at det øydelegg for det mest realistiske alternativet.

Rådgjevande folkerøysting – korleis kan dette organiserast?

- Innleiing v/ Ole John Østenstad (ligg vedlagt) vart tatt til vitande
- Innleiing v/ Håkon Loftheim (ligg vedlagt) vart tatt til vitande
- Vurderingar v/ Knut Henning Grepstad knytt til gjennomføring av eventuell rådgjevande folkerøysting vart tatt til vitande
- Viktigaste konklusjonane
 - Alle kommunane skal ha sak i eige kommunestyre i januar 2016
 - Alle kommunane skal basere saksutgreiing på same mal
 - Røysterett for 16-åringar
 - I sakstutgreiing må ein sikre seg at kommunestyra står mest mogleg fritt til å gjere sjølvstendige val i etterkant av rådgjevande folkerøysting
 - Felles dato, 04.04.16, for gjennomføring av eventuell rådgjevande folkerøysting
 - Eventuell rådgjevande folkerøysting skal gjennomførast på same lest i alle kommunane

- Det må aksepteres at kommune vil ha ulike røystealternativ
- Valalternativa må framstå som enkle å forstå for innbyggerane
- Saksutgreiinga må drøfte korleis røsteresultatet skal tolkast, til dømes i kommunar som har fleire ja-alternativ
- Informasjon i februar og mars 2016 må vektleggast
- Prosjektsekretariatet får i oppgåve til å arbeide vidare med sakstutgreiing og praktisk gjennomføring av eventuell rådgjevande folkerøysting
- Prosjektsekretariatet får fullmakt til å knyte til seg eventuell naudsynt kompetanse.

Saksutgreiing

- Prosjektsekretariatet får i oppgåve å utarbeide felles mal for saksutgreiing innan 24.12.15.

Folkemøte for ungdom

- Prosjektsekretariatet får fullmakt til saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Distriktsenteret å utarbeide endeleg program
- Kommunane skal gjennomføre opplegg knytt til ungdom i eigen kommune i tidsrommet februar – mars 2016.

Møte- og milepelsplan

- Oppdatert framdriftsplan ser slik ut

Hovudtiltak i denne prosjektfasen	
Kva	Frist
Kommunestyrevedtak om innbyggjarhøyring (rådgjevande folkerøysting) er gjort	31.01.16
Evt innbyggjarhøyringar (rådgjevande folkeavrøystingar) er gjennomført	04.04.16
Felles formannskapsmøte gjennomført	08.04.16
Kommunestyrehandsaming om samanslåing er gjennomført	30.04.16
Evt kommunestyrehandsaming 2 gjennomført	30.06.16

- Prosjektleiari får fullmakt til å utarbeide detaljert møte- og milepelsplan basert på tidspunkta i tabellen over.

Eventuelt

- Ingen saker.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
Prosjektgruppa
Samarbeidande kommunar

